

LINDÅS KOMMUNE	
Klasseering	
30. 01. 2015	
Art. siffer	Løypenr.
14/7484	
Saksnr.	Tilgangskode

LINDÅS KOMMUNE
 KVERNHUSMYRANE 20
 5914 ISDALSTØ

Side | 1

Dykkar ref.:

Vår ref.: ard014044

Bergen: 29.01.2015

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Åsgard småbåthamn, gnr. 22, bnr. 6, 16, 17 m.fl. Lindås kommune.

Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent:


Aasgard sameige er tiltakshavar. Ard arealplan er konsulent for planarbeidet.

Planområdet:

Planområdet ligg på Åsgard, langs med Vågane, like sør for Fuglevikneset. For å nå området tar ein av frå E39 Osterfjordvegen og køyrer omtrent 6 kilometer nordover på fv. 395 Hindenesvegen. Deretter tar ein av fylkesvegen mot vest, og køyrer vidare på den kommunale veggen Åsgard.

Planområdet består av eigendommene gnr. 22, bnr. 6, 16, 17, 18, 27, 28, 29, 30, 31, 43, og delar av bnr. 4 og 42. Bnr. 27, 29 og 30 er inkludert i planområdet fordi ein ynskjer å sjå på om areala kan nyttast til naustområder. Bnr. 4 og 42 er vegareal, og dette er tatt med for å sikra ein trafikksikker åtkomst til planområdet. Eit stort areal i sjø er tatt med, på grunn av eventuelle ankarfeste for flytebyggene. Plangrensa i sjø kan verta redusert i det vidare planarbeidet.

Det ligg to bygg i planområdet, Åsgard 29 og 31, som stammar frå Aasgard møbelfabrikk som heldt til her frå 1935 til 1969. I 1950 brann Åsgard 31, men ein ny og større fabrikk vart reist same året. I 1969 brann dette bygget ned for andre gong, og etter dette vart fabrikk flytta til Fammestad, medan det på Åsgard vart sett opp eit lagerbygg i staden. Frå 1969 til 1981 vart bygga brukt som lager for fabrikk. Etter 1981 har bygga vore eigd av Aasgard sameige, og har vore brukt til lagring av båtar m.m.



Figur 1: Utsnitt av kommuneplanen.

Området er i kommuneplanen avsett til småbåthamn og bustad, og det er markert ein byggjegrænse mot sjø. Planområdet er avgrensa på kartet som er vedlagt, og planområdet er på omtrent 52 daa.

Planen sitt formål:

Hovudhensikta med planen er å gjera området tilrettelagt for småbåthamn. Tilkomst vil vere frå vegen Åsgard som er ein kommunal veg.

Dei to lagerbygningane, Åsgard 29 og 31, ønskjer ein å rusta opp til meir brukarvennelege bygg som kan nyttast til båtlagring. Ein ønskjer å etablere arker på taka. Dette vil blant anna gje muligheit for inngang til loftsetasjen frå terreng, på austsida av nr. 31. På vestsida av nr. 31 vil ein etablere båtopptrekk/båtslippar med pirar imellom. Ein vil også legge til rette for to flytebryggar for småbåtar, og parkeringsplassar.

På bnr. 27, 29 og 30, vil ein vurdere om ein kan etablere naust. Dette er mindre tomter som i sin tid vart seksjonert ut, med tanke på akkurat dette formålet.

Ein ønskjer å planlegge for to einebustader eller ein tomannsbustad der kor det i dag står ein garasje (bnr. 6 og 16).

Området sør for bygningane (del av bnr. 16) vil ein gjere om til friområde, og gjere tilgjengeleg med gangveg og med bade plass i vik. Dette vil vere eit positivt grep for allmennta.

Merknader til varsel om oppstart:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlige behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
e-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Lindås kommune. Alle mottatte dokument, merknader og andre innspel vil verte sendt Lindås kommune saman med planforslaget.

Merknadsfrist

Frist for merknader er satt til **18.mars 2015**.

Vidare saksgang:

Etter merknadsfristen vil forslag til reguleringsplan verte utarbeidd. Forslaget vert deretter sendt Lindås kommune for sakshandsaming. Etter fyrste gangs handsaming vert planen lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Det vil da verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Ard arealplan as




Anja Vik
Arealplanleggar


Tlf: 45 44 87 69
E-post: av@ardarealplan.no

Vedlegg: varslingskart og varslingsliste

KART OVER PLANOMRÅDE:



Side | 3



VARSLINGSLISTE:

Navn	Adresse	Postnr.	Sted
Alexander Svanbring	DAMSGÅRDSVEIEN 45	5058	BERGEN
Anbjørg Aasgard Gausereide	MONGSTADVEGEN 195	5955	LINDÅS
Anlaug Åsgard	VÅKLEIVÅSEN 174	5155	BØNES
Ann Daniella Hetland Svanbring	GEITHUSVEGEN 104 A	5259	HJELLESTAD
Ann Kristin Hagesæter Aasgard	Åsgard 9	5993	OSTEREIDET
Audhild Jordal og Haldor Norvald Jordal	HØGHØYEN 19	5913	EIKANGERVÅG
Bjørn Atle Mikkelsen	GRIMSEIDVEGEN 455 A	5259	HJELLESTAD
Frode Helge Mikkelsen	FYRVEIEN 8	1444	DRØBAK
Frøydis Solberg	GRASLIJORDET 26	4700	VENNESLA
Heidi Hosøy	ÅSGARD 36	5993	OSTEREIDET
Inger Margrethe Hellan Larsen	Åsgard 16	5993	OSTEREIDET
Jan Rune Hosøy	HELTVEITVEGEN 9	5993	OSTEREIDET
Magnar Aasgard	MJELDE NEDRE	5286	HAUS
Marit Hosøy Gialousis	HOSØYVEGEN 35	5993	OSTEREIDET
Nina Helen Hosøy Fossdal	MÅSEKJÆRVEIEN 6	5035	BERGEN
Odny Hosøy Anderssen	KLINGREMOVEIEN 105	4877	GRIMSTAD
Ragnar Hindenes	SVINDALSVEGEN 46	5913	EIKANGERVÅG
Randi Hosøy	HOSØYVEGEN 35	5993	OSTEREIDET
Roald og Frøydis Åsgard	HINDENESVEGEN 591	5993	OSTEREIDET
Vigdis Åsgard	Åsgard 37	5993	Ostereidet
Øystein Hosøy	HOSØYVEGEN 31	5993	OSTEREIDET
LINDÅS KOMMUNE	KVERNHUSMYRANE 20	5914	ISDALSTØ
STATENS VEGVESEN REGION VEST	ASKEDALEN 4	6863	LEIKANGER
BKK NETT AS, NETTPROSJEKT	POSTBOKS 7060	5020	BERGEN
FYLKESMANNEN I HORDLAND	POSTBOKS 7310	5020	BERGEN
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	POSTBOKS 7900	5020	BERGEN
TELENOR SERVICESENTER FOR NETTUTBYGGING	SFN@TELENOR.COM		
NGIR	LINDÅSVEGEN 1260	5956	HUNDVIN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Bergen sjøfartsmuseum	Pb 7800	5020	BERGEN
Fiskeridirektoratet, region vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bergen og omland Havnevesen	Pb 6040	5892	BERGEN
Telenor kabelnett	http://www.telenor.no/privat/kundeservice/nettutbygging/		